

17.10.2020

Markerte støtte til Aksnes-innsamlinga.



Bandet under dagens støttekonsert.

**Veteranbandet i UML markerte i dag si støtte til innsamlinga som skal sikra at nakkeskadde og ME-sjuke Eirik Aksnes skal få ein nødvendig og viktig operasjon i Tyskland. Dette gjorde dei ved å halda konsert ved inngangen til Spar Uskedalen. I tillegg delte dei ut kort med informasjon om korleis ein kan støtta innsamlingsaksjonen.**

Innsamlinga har fått velfortent og god respons. Til no har 711 givarar bidrege til at spleisen til no har passert 236.000 kroner. Dermed har dei nådd 59% av målet for innsamlinga på 400.000 kroner. Til saman vil ambulansefly og operasjon i Tyskland komma på ca.750.000 kroner.

Bandet opna konserten med klassikaren *Jag har drømt om en stad*, og deretter fortalte tubaist Thor Inge Døssland om bakgrunnen for konserten, og eit sterkt ønskje frå musikarane om å markera si støtte til innsamlinga. Etter det fortsette dei med publikumsvennlege perler frå repertoaret sitt. Blant desse presenterte dei to nyinnovde stykke i swingande og gode arrangement av ein av bandet sine favorittarangørar, - Inge Sunde. Både *A fool as I am* og *Det var på Capri* fall tydelegvis i smak hos publikum.

Trass i det litt kjølige veret vart det ei triveleg musikkstund for både publikum og musikarane i bandet. I tillegg vart det sett fokus på ei viktig sak, og det er å håpe at givargleda held fram framover. Kjekt er det om andre lag og firma viser si støtte i tillegg til privatpersonar. Korleis ein kan bidra i innsamlinga vert det opplyst om øvst på framsida her på uskedalen.no.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Åse M. Næset